

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 26.05.2020 kl. 16.05

Møtestad: møterom f-salen, rådhuset

Møtet vart leia av: Helge Kvame

Elles til stades: Eva Rinde Habostad, Per Ingebrigt Karbø, Anne Melgaard Tårn og Vebjørn Skog.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård, oppdragsansvarleg revisor Knut Gunnar Alnes og forvaltingsrevisor Kurt Løvoll. Frå administrasjonen møtte rådmann Åse Elin Hole og økonomisjef Elin Amdam. I sak 08/20 deltok hamnesjef Rita Berstad Maraak via Teams.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 07/20 Møtebok frå telefonmøte 22. april 2020.
--

Sakspapir frå sekretariatet datert 19. mai 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møte 22. april 2020 blir godkjent.

Sak 08/20 Særrekneskapen 2019 Stranda Hamnevesen KF

Sakspapir frå sekretariatet datert 19. mai 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Uttale til kommunestyret:

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

SAK 09/20 kommunerekneskapen 2019 – Stranda kommune

Sakspapir frå sekretariatet datert 22. mai 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Uttale til kommunestyret :

Stranda kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Sak 10/20 Risiko- og vesentlegvurdering. Innspel og diskusjon.

Sakspapir frå sekretariatet datert 19. mai 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Stranda kontrollutval tek saka til vitande og ønskjer å framheve følgjande områder for det vidare arbeidet med ei risiko- og vesentlegvurdering:

Arbeidsmiljø/HMS, integrering av FN's berekraftmål i kommunal planlegging, vassføreskrift/vasskvalitet, likestilling, inkludering, dimensjonering av heimebasert omsorg, biologisk mangfald.

Eventuelt:

1. Sekretariatet orienterte om epost motteken frå hamnesjef Rita Berstad Maraak datert 25. mai 2020. Det var ein førespurnad til kontrollutvalet om å sjå nærare på om kommunestyret kan ta utbytte frå hamneføretaket når styret innstiller på ikkje å gje utbytte. Kontrollutvalet valde ikkje å sjå nærare på dette foreløpig, men forventar at administrativ og politisk leiing avklarar dette. Kontrollutvalet kan på eige initiativ ta dette spørsmålet opp att, om kommunestyret er på veg til å treffe eit vedtak som vil vere ulovleg, jfr. Kontrollutvalsboka, 2. utgåve, side 12.
2. Sekretariatet tok opp spørsmålet om det var ønskjeleg å få laga eit oppdatert reglement for Stranda kontrollutval. Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal orienterte kort om dette. Kontrollutvalet bestemte å be om ei slik sak til sitt neste møte.

Møtet var slutt kl. 18.00

Helge Kvame	Per Ingebrigt Karbø	Eva Rinde Habostad	Anne Melgaard Tårn	Vebjørn Skog
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)